

REFERAT FRÅ FAU MØTE

SUND UNGDOMSSKULE

05.11.19

TIL stades var: Ivar Naustheller, Øyvind Dāvøy, Lene Øvretveit, Helga Lokøy Ulvøen, Kirsti Nordstrand, Aina Hagenes, Halvar Steinsland, Mona Ulvøen Forland, Lisbeth Løtvedt, Anita Vangsnes, Charlotte H Krondorfer, Kaja Holm Andersen og Ella Føleide.

Meldt forfall: Marianne Glesnes, Marianne Soltvedt, Monica Leirvaag, Anne Katrine Fenne, Symphorien Pompe, Åsgeir Litlere, Bente Bakke, Kjersti Golten, Silje Eikeseth, Kristin Skage Eide og Renate M Brekken.

Leder Lisbeth Løtvedt ønska velkommen.

Sak 5 19/20 Informasjon om Olweus v/Kristin Midttveit

Rektor Sølvi Fjeld Bjørøy ønska Kristin Midttveit velkomen til å fortelje om Olweus. Olweus er et «mobbeprogram» som Sund Ungdomsskule bruker. Skulen starta med programmet for å få eit meir plan messig arbeid knytt til mobbing. Både når det gjeld målingar og rutinar knytt til hendingar og varslingar. Olweus elevundersøking for 2019 med samanliknbare tall for 2018 vart presentert. Sund Ungdomsskule ligg under lands statistikkane ved måling av mobbing på skolen. Det var svært gode tall på trivsel blant elevane på skulen. Resultata viser ein tydelig forbetring i områder skulen har jobba med og der det har vore satt inn tiltak. Samstundes har skulen fokus på å få prosentandelen ned på dei få elevane som ikkje trivs, eller har opplevd mobbing, til å bli tilnærma null. FAU takka Kristin Midttveit for presentasjonen.

Sak 6 19/20 Utstyr / aktivitetar på skuleplassen

Økt aktivitetar på skuleplassen fører til betre skulemiljø. Elevene har en del «leikar» og utstyr, men det er ønske om fleire ting. FAU skal søke om midlar der ein kan gjere det, og vil saman med elevrådet kjøpe inn meir utstyr.

Sak 7 19/20 Orienteringssak om LivOGLyst

Forland Grendalag har starta opp ei prosjektgruppe «LivOGLyst» som skal arbeide med å vidareutvikla og styrke lokalsamfunnet. Eit av prosjekta er å utvikle badevika til bruk for nærmiljøet, for både innbyggjarar, skule, barnehage osv. I den forbindelse er elevar på skulen oppmoda til å kome med forslag om kva som skal vere i badevika. Til orientering.

Sak 8 19/20 Kapasitet Strandahallen

FAU ved Stranda Skule har ved fleire anledningar tatt opp spørsmålet om kapasiteten i Strandahallen. Dei vil no inngå samarbeid med FAU på Sund Ungdomsskule og med leiinga på skulane om å få utreda kapasitetsbehovet / - mangelen, for så å starta ein prosess om utviding.

FAU er positiv til samarbeidet og stiller med to representantar. Ivar Naustheller og Kirsti Andrea Nordstrand tok på seg å være representantar for FAU Sund Ungdomsskule

Sak 9 19/20 Hendvending til FAU om leksefri helger

FAU har fått ei hendvending om FAU kan ta stilling til å krevje leksefrie helger for elevene.

Det vart ein lang og god diskusjon rundt temaet. Den generelle oppfatninga til FAU er at dei fleste elevar gjer lekser i helgene, men mest fordi det handlar om å frigjere tid til aktivitetar i kvardagane o.l. FAU meiner at elevane har muligheit til å planlegge leksearbeidet sitt og disponere tida si og dette er ein viktig del av læringa. I tillegg veit vi at veken planen mest skal bli gitt ut om torsdagen til elevane og at ein har muligheit for å gjere leksene da, utanom helgene. FAU vil ikkje krevje av skulen at det skal bli «leksefrie» helger.

Møtet vart heva.

Neste møte som er satt opp: onsdag 27.11.19 kl 18:00.